

HJELMÅS, 12.06.2016

## **Følgerev byggesøknad**

### **Tiltaket og plangrunnlag**

Tiltaket kjem i konflikt med kommuneplanens arealdel med tanke på arealføremålet for tomta, som i kommuneplanen er sett av til LNF. Ein søker dispensasjon etter PBL § 19.

Ynskje med dette tiltaket er to delt. Det eine er å få bygd eit overbygg over inngangspartiet for å skjerma for vær og vind. Ein har sett over tid at dette er ein utsett plass, og at det lett samlar seg vatn her, som ein fryktar renn inn og ned i konstruksjonen. Slitasjen på sjølva dørblad er også høg. Det andre er at ein ynskjer seg eit teneleg uteareal som kan nyttast sjølv om det er nedbør. Det er som kjent svært mange nedbørsdagar på våre kantar, og eit overbygg som vist her vil tilrettelegga utearealet for større bruk. Ein ser moglegheit for å kombinera desse to behova ved å byggja som omsøkt.

Tiltaket medfører ei relativt liten auke i BYA på eigedommen, og vil ikkje medføra behov for terreng-inngrep for tilrettelegging av infrastruktur, all den tid overbygget er tenkt bygd over eksisterande uteareal.

Overbygget er tenkt «hengt» på søyler slik at det dannar eit overbygd inngangsparti. Retninga på påbygget er nord-vest, «vekk» frå vegen og vil såleis vera lite synleg for omgjevnadene.

Tiltaket vil ikkje medføra nedbygging av landbruksareal, eller bidra til privatisering av naturområdet all den tid overbygget kun strekkjer ut over eit areal som allereie er eksisterande inngangsparti og uteareal for bustaden pr. i dag.

### **Oppsummering**

Tiltaket vil etter vårt syn ikkje bidra til nedbygging av landbruks- eller natur interesser og det medfører ein svært liten auke i BYA og må vurderast som eit mindre tiltak. Arkitekturen er utført på ein slik måte at tradisjonell byggeskikk er ivareteken. All den tid det er tale om takoverbygg endrar det ikkje på nokon av tilhøva omkring infrastruktur slik som veg, vatn og avløp. Det medfører heller ikkje utvida bruk.

Med vennlig helsing

*Jarle Solibakke*